



## Møteprotokoll for Alver formannskap

**Møtedato:** 02.06.2022

**Møtestad:** Helsehuset, møterom Nordhordland

**Møtetid:** 09:00 - 18:00

Kl. 09:00 Generalforsamling KIM

ca.kl. 09:15 Generalforsamling Alver Tomteselskap

ca.kl. 09:30 Styringsgruppemøte Miljøloftet

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordførar
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Thomas Larsen	H	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Varaordførar
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Terje Sletten-Hansen	UAVH	Medlem
Maria Færø	UAVH	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Nina Bognøy	AP	Medlem
Morten Klementsen	UAVH	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Jostein Borlaug	AP	Nina Bognøy
Yngve Walaker	UAVH	Morten Klementsen

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Janne Sund-kommunalsjef, Line Merete Valle-tenesteleiar,  
Martin W. Kulild-ass.kommunedirektør, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes  
Forthun-kommunedirektør

### Sakliste

Saknr	Tittel
060/22	Godkjenning av innkalling og saksliste
061/22	Godkjenning av møteprotokoll

- 062/22 Mogeleg sal av kommunal grunn gbnr 424 bnr 197 fnr 1 – Bøvågen
- 063/22 Rehabilitering av tak Alver kommune
- 064/22 Auka ramme Ostereidet kunstgras
- 065/22 Skilting av kommunale bygg og anlegg
- 066/22 Byggeprogram - bufellesskap
- 067/22 Manger reinseanlegg - behov for auka ramme
- 068/22 E39 Oval rundkøyring - kommunal del - behov for auka ramme
- 069/22 Årsmelding 2021
- 070/22 Årsrekneskap 2021 for Alver kommune
- 071/22 Finansrapport 2021
- 072/22 1.tertialrapport 2022
- 073/22 Miljøloftet - Handlingsprogram 2023 - 2026
- 074/22 Markeringar ved jubileum i lag og organisasjonar, og ved deltaking i nasjonale og internasjonale meisterskap
- 075/22 Organisering av TV-aksjonane i Alver
- 076/22 Politisk styringsstruktur og reglement - evaluering
- 077/22 Melding/orientering til formannskapet 02.06.2022

**060/22: Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Alver formannskap 02.06.2022:**

**Handsaming:**

Ingen merknader, samråystes.

**Orientering Bergen Havn**

Det vart stild spørsmål om habilitet ved orientringa Bergen Havn frå A.Byrknes som

styremedlem og Ø.Oddekalv som varamedlem til styret i Bergen Havn

Formannskapet gjorde samråystes vedtak om at representantane er inhabil i denne orienteringa.

**FO- 060/22 Vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent.

**061/22: Godkjenning av møteprotokoll**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

**Alver formannskap 02.06.2022:**

**Handsaming:**

Ingen merknader, samråystes.

**FO- 061/22 Vedtak:**

Møteprotokollen er godkjent.

**062/22: Mogeleg sal av kommunal grunn gnr 424 bnr 197 fnr 1 – Bøvågen****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner at Bøvågen småbåtlag får tilbod om å kjøpa gnr 424 bnr 197 fnr 1 for takst sett til kr. 144 000,- på følgjande vilkår:

1. Ålmenta skal ha rett til fri ferdsel på eigedommen.
2. Alver kommune har rett til å kjøpa tilbake eigedommen til salspris inkludert indeksregulering, dersom småbåtlaget ein gong i framtida vert avvikla. Pris for eventuelle investeringar gjort på eigedommen skal vurderast særskilt ved eit tilbakekjøp.

Tilboden står ved lag seks månader frå vedtaksdato.

**Alver formannskap 02.06.2022:****Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samråystes vedteke.

**FO- 062/22 innstilling:**

Kommunestyret godkjenner at Bøvågen småbåtlag får tilbod om å kjøpa gnr 424 bnr 197 fnr 1 for takst sett til kr. 144 000,- på følgjande vilkår:

1. Ålmenta skal ha rett til fri ferdsel på eigedommen.
2. Alver kommune har rett til å kjøpa tilbake eigedommen til salspris inkludert indeksregulering, dersom småbåtlaget ein gong i framtida vert avvikla. Pris for eventuelle investeringar gjort på eigedommen skal vurderast særskilt ved eit tilbakekjøp.

Tilboden står ved lag seks månader frå vedtaksdato.

**063/22: Rehabilitering av tak Alver kommune****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek prosjekt rehabilitering av tak ved Lindås bu- og servicesenter, Sæbø barnehage og Fysak-hallen ved Sagstad skule med oppstart i 2022. Det vert løyvd 7,1 mill kr inkl mva til arbeidet, finansiert med auke i bruk av lånemidlar 5,68 mill. kr og momsrefusjon 1,42 mill. kr

**Alver formannskap 02.06.2022:****Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samråystes vedteke.

**FO- 063/22 innstilling:**

Kommunestyret vedtek prosjekt rehabilitering av tak ved Lindås bu- og servicesenter, Sæbø barnehage og Fysak-hallen ved Sagstad skule med oppstart i 2022. Det vert løyvd 7,1 mill kr inkl mva til arbeidet, finansiert med auke i bruk av lånemidlar 5,68 mill. kr og momsrefusjon 1,42 mill. kr

**064/22: Auka ramme Ostereidet kunstgras****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret vedtek å auke ramma for rehabilitering av Ostereidet kunstgras med 1 million inkl mva. Totalramma for prosjektet vert auka tilsvarende til 10,6 mill inkl mva.

Budsjettinga i 2022 vert finansiert slik:

- 0,2 mill. kr i momsrefusjon
- 0,8 mill. kr i auka bruk av lånemidlan»

**Alver formannskap 02.06.2022:****Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samråystes vedteke.

**FO- 064/22 innstilling:**

«Kommunestyret vedtek å auke ramma for rehabilitering av Ostereidet kunstgras med 1 million inkl mva. Totalramma for prosjektet vert auka tilsvarende til 10,6 mill inkl mva.

Budsjettendringa i 2022 vert finansiert slik:

- 0,2 mill. kr i momsrefusjon
- 0,8 mill. kr i auka bruk av lånemidlan»

**065/22: Skilting av kommunale bygg og anlegg****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

«Nytt investeringsprosjekt med budsjetttramme på totalt 5 mill. kr vert oppretta for å gjennomføre prosjekt for skilting av kommunale bygg. I 2022 vert det budsjettet med 1,0 mill. kr inkl. mva og dei resterande 4 mill. kr inkl. mva vert å legge inn i budsjettet for 2023.

Budsjettendringa i 2022 vert finansiert slik:

- 0,2 mill. kr i momsrefusjon
- 0,8 mill. kr i overføring frå drift til investering

I driftsrekneskapen inneber dette følgjande budsjettendringar:

- Auke i bruk av disposisjonsfond med 0,8 mill. kr., som vert å ta av samanslåingsmidlar avsett på formålsbestemt disposisjonsfond.
- Auke i overføring til investering med 0,8 mill. kn»

**Alver formannskap 02.06.2022:****Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

**FO- 065/22 innstilling:**

«Nytt investeringsprosjekt med budsjetttramme på totalt 5 mill. kr vert oppretta for å gjennomføre prosjekt for skilting av kommunale bygg. I 2022 vert det budsjettet med 1,0 mill. kr inkl. mva og dei resterande 4 mill. kr inkl. mva vert å legge inn i budsjettet for 2023.

Budsjettendringa i 2022 vert finansiert slik:

- 0,2 mill. kr i momsrefusjon
- 0,8 mill. kr i overføring frå drift til investering

I driftsrekneskapen inneber dette følgjande budsjettendringar:

- Auke i bruk av disposisjonsfond med 0,8 mill. kr., som vert å ta av samanslåingsmidlar avsett på formålsbestemt disposisjonsfond.
- Auke i overføring til investering med 0,8 mill. kn»

**066/22: Byggeprogram - bufellesskap****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek byggeprogram for nytt bufellesskap for menneske med utviklingshemming slik det ligg føre i saka.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022:****Handsaming:**

Line Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning og Prosjekt, og Bernt Fjordheim-tenesteleiar Habilitering orienterte og svarte på spørsmål.

### **Framlegg frå Reidar Knutsen:**

RMNF kan ikkje støtta bygging av bufellesskap for 5-6 bebuarar i Skarsvegen 29. Tomta synest lite egna for bufellesskap, og det er ikkje ei god løysing å samlokalisera bebuarar med dei utfordingane administrasjonen beskriv. Bustadar for menneske med utviklingshemming bør ligge i normale bustad-miljø med utsikt og lys, gjerne sentralt, og i alle fall ikkje ha institusjonspreg. Om ein bebuar treng spesiell skjerming, bør det løysast gjennom lokalisering og tilpassing innanfor eit normalt bustad-miljøet. Ein bør ikkje samlokalisera mange bebuarar med utfordrande åfferd og behov for skjerming. Kanskje er einebustad då det beste, i alle fall ikkje saman med nokon som er sensitive mot lyd eller kan bli ekstra redde og usikre ved utfordrande åfferd frå naboane. Det er mykje viktigare å sikra ei god løysing for bebuarane som gjerne skal bu der resten av livet, heller enn å følje opp det administrative vedtaket frå Lindås kommune om å kjøpa Skarsvegen 29, og påstandane om stordriftsfordelar og om at alternative vil gje betydeleg utsetjing. NFU har heile tida våre imot bufellesskapet i Skarsvegen 29, og forsking tilbakeviser påstandane om stordriftsfordelar og sosiale fordelar ved store bufellesskap. Dersom ein mindre sentral lokasjon likevel blir valt, rangerer RMNF Kvamsvegen høgast, framfor Moldekleiv.

Under avrøystinga vart framlegget frå Reidar Knutsen sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg:

Framlegget frå Reidar Knutsen vart vedteke med 6 røyster (Sølv Knutsen-Sp, Reidar Knutsen, Magne Bjørndal, Liv Erstad, Edith Jørgenvik, Svein Arne Vabø) mot 1 røyst (Jannicke Helland). Else Marie Dale-Krf tek saka til orientering.

### **RMNF- 030/22 uttale:**

RMNF kan ikkje støtta bygging av bufellesskap for 5-6 bebuarar i Skarsvegen 29. Tomta synest lite egna for bufellesskap, og det er ikkje ei god løysing å samlokalisera bebuarar med dei utfordingane administrasjonen beskriv. Bustadar for menneske med utviklingshemming bør ligge i normale bustad-miljø med utsikt og lys, gjerne sentralt, og i alle fall ikkje ha institusjonspreg. Om ein bebuar treng spesiell skjerming, bør det løysast gjennom lokalisering og tilpassing innanfor eit normalt bustad-miljøet. Ein bør ikkje samlokalisera mange bebuarar med utfordrande åfferd og behov for skjerming. Kanskje er einebustad då det beste, i alle fall ikkje saman med nokon som er sensitive mot lyd eller kan bli ekstra redde og usikre ved utfordrande åfferd frå naboane. Det er mykje viktigare å sikra ei god løysing for bebuarane som gjerne skal bu der resten av livet, heller enn å følje opp det administrative vedtaket frå Lindås kommune om å kjøpa Skarsvegen 29, og påstandane om stordriftsfordelar og om at alternative vil gje betydeleg utsetjing. NFU har heile tida våre imot bufellesskapet i Skarsvegen 29, og forsking tilbakeviser påstandane om stordriftsfordelar og sosiale fordelar ved store bufellesskap. Dersom ein mindre sentral lokasjon likevel blir valt, rangerer RMNF Kvamsvegen høgast, framfor Moldekleiv.

### **Utval for helse og omsorg 31.05.2022:**

#### **Handsaming:**

Line M. Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning og prosjekt og Bernt Fjordheim-tenesteleiar habiliteringstenester orienterte og svara på spørsmål.

#### **May-Irene Wergeland-SP sette på vegne av AP, SP og KRF fram følgjande framlegg til uttale:**

Prosjektet Bufellesskap i Skarsvegen 29 leggast vekk i sin heilskap. Vi bed administrasjonen koma attende med ei utgreining av tomtealternativa på Erstad og Moldekleiv. Desse vurderast opp mot einanna ut frå desse premissane:

- *avstand til naboar*
- *avstand til trafikkert veg*
- *avstand til butikk/senter*
- *støy/uro*
- *soltihøve for tomtane slik dei ligg i dag utan bebygging*

- moglegheiter for uteaktivitetar/hage tilpassa ulike brukarar
- plass til parkering for bebuarar, gjestar og tilsette
- storleik på tomten

Administrasjonen kjem attende med politisk sak om val av tomt

Fellesframleggget frå M.I.Wergeland vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg. Wergeland sitt framlegg fekk 6 røyster og vart samrøystes vedteke (det var seks medlemmar i utvalet i dette møtet).

**HO- 025/22 uttale:**

Prosjektet Bufellesskap i Skarsvegen 29 leggast vekk i sin heilskap. Vi bed administrasjonen koma attende med ei utgreiing av tomtealternativa på Erstad og Moldekleiv. Desse vurderast opp mot einannan ut frå desse premissane:

- avstand til naboar
- avstand til trafikert veg
- avstand til butikk/senter
- støy/uro
- soltilhøve for tomtane slik dei ligg i dag utan bebygging
- moglegheiter for uteaktivitetar/hage tilpassa ulike brukarar
- plass til parkering for bebuarar, gjestar og tilsette
- storleik på tomten

Administrasjonen kjem attende med politisk sak om val av tomt.

**Alver formannskap 02.06.2022:**

**Handsaming:**

**Framlegg frå S.Sekkingstad-SP:**

Formannskapet sender saka tilbake til utval for helse og omsorg for ny politisk handsaming. Formannskapet ber om at utval for helse og omsorg vurderer gildskap før handsaming av saka.

Framleggget vart samrøystes vedteke.

**FO- 066/22 Vedtak:**

Formannskapet sender saka tilbake til utval for helse og omsorg for ny politisk handsaming. Formannskapet ber om at utval for helse og omsorg vurderer gildskap før handsaming av saka.

**067/22: Manger reinseanlegg - behov for auka ramme**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek å auke den totale budsjettramma for Manger reinseanlegg med 8 mill. kr frå 25 mill. kr til 33 mill. inkl. usikkerheit på 20% jfr vedteke investeringsreglement.

Budsjettet for 2022 vert auka tilsvarande med 8 mill. kr som vert fordelt med 2,0 mill. kr på vatn og 6,0 mill. kr på avløp. Budsjettendringa vert finansiert med tilsvarande auka bruk av lånemidlar.

**Alver formannskap 02.06.2022:****Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 067/22 innstilling:**

Kommunestyret vedtek å auke den totale budjettramma for Manger reinseanlegg med 8 mill. kr frå 25 mill. kr til 33 mill. inkl. usikkerheit på 20% jfr vedteke investeringsreglement.

Budsjettet for 2022 vert auka tilsvarande med 8 mill. kr som vert fordelt med 2,0 mill. kr på vatn og 6,0 mill. kr på avløp. Budsjettendringa vert finansiert med tilsvarande auka bruk av lånemidlar.

**068/22: E39 Oval rundkøyring - kommunal del - behov for auka ramme****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret vedtek auka ramme for 2022 i prosjektet E39 Oval rundkøyring, kommunal del med 8,8 mill. Midlane skal fordelast med 6,1 mill på avløp og 2,7 mill på vatn. Prosjektet vert finansiert med tilsvarande auka bruk av lånemidlan»

**Alver formannskap 02.06.2022:****Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 068/22 innstilling:**

«Kommunestyret vedtek auka ramme for 2022 i prosjektet E39 Oval rundkøyring, kommunal del med 8,8 mill. Midlane skal fordelast med 6,1 mill på avløp og 2,7 mill på vatn. Prosjektet vert finansiert med tilsvarande auka bruk av lånemidlan»

**069/22: Årsmelding 2021****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tek årsmeldinga 2021 for Alver kommune til orientering

**Alver formannskap 02.06.2022:****Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 069/22 innstilling:**

Kommunestyret tek årsmeldinga 2021 for Alver kommune til orientering

**070/22: Årsrekneskap 2021 for Alver kommune****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret godkjenner Alver kommune sin årsrekneskap for 2021

**Alver formannskap 02.06.2022:****Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 070/22 innstilling:**

Kommunestyret godkjenner Alver kommune sin årsrekneskap for 2021

## **071/22: Finansrapport 2021**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret tek finansrapport for Alver kommune 2021 til orientering

### **Alver formannskap 02.06.2022:**

#### **Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samråystes vedteke.

#### **FO- 071/22 innstilling:**

Kommunestyret tek finansrapport for Alver kommune 2021 til orientering

## **072/22: 1.tertialrapport 2022**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 1 tertial 2022 til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til drift, sentrale poster og disposisjonsfond for 2022 slik det går fram av oversynet over budsjettjusteringar under. Samla auke av ramme til sektorene er 44,15 mill. kr. Dette vert finansiert med tilsvarende netto inntektsauke på sentrale poster.
3. Dei ulike postane i oppsettet under tabell koronarekneskap, vert budsjettjustert i samsvar med påløpte utgifter (både sentrale postar og driftsposter og overføring frå drift til investering). Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettjustere endringar gjennom året i samsvar med mottatt finansiering (auke i rammetilskott og/ eller andre koronatilskot). Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til Covid-19 er at det er ført på eige objekt knytt til koronarekneskap. Det skal leggjast fram oversyn over koronarekneskapen med finansiering i samband med årsmeldinga. Auken i rammetilskot som kjem fram av koronarekneskapen kjem i tillegg til auken i skatt/ rammetilskot som er foreslått i 1. tertialrapport basert på RNB 2022.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettjustere endringar knytt til busetting av flyktninger frå Ukraina i samsvar med auka inntekter. Det er forventa høgare inntekter i 2022 enn utgifter fordi fleire av busettingane skjer sein på året, og utgiftene knytt til desse vil i hovudsak påløpe i 2023. Det vert oppretta eit fond knytt til busetting av flyktninger frå Ukraina, og dei unytta inntektene i 2022 vert sett av på fondet for å kunne nyttast i seinare år. Det skal leggjast fram oversyn over inntekter og utgifter knytt til busetting av flyktninger i samband med 2. tertialrapport, og i årsmeldinga for 2022.
5. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til investering for 2022 slik det går fram av "status Investering og finansiering (2A)" og "Status Investeringar (2B)." I sum vert investeringsutgiftene auka med 8,5 mill. kr til 405,8 mill. kr  
Endring i finansiering (netto auke 8,5 mill. kr):
  - 1.Bruk av lånemidlar vert auka med 7,15 mill. kr.
  - 2.Kompensasjon for merverdiavgift vert auka med 0,55 mill. kr
  - 3.Auke i overføring frå drift 0,8 mill. kr.
  - 4.Endringa inkluderer framlegg til endring i eigne saker vedr. følgjande prosjekt:
    - Ostereidet kunstgras
    - Rehabilitering tak kommunale bygg
    - Skilt kommunale bygg
    - Reinseanlegget på Manger
    - Oval Rundkjøring E39

6. Finansrapport vert tatt til orientering.

**Alver formannskap 02.06.2022:**

**Handsaming:**

**Fellesframlegg frå Sp, AP, KrF og H ved Ø.Oddekalv-AP:**

Endringar i pkt. 2

1. Auke til Alver kyrkjelege fellesråd: kr 500 000
2. Auke til kultur: kr 1 mill.
3. Vedlikehald: kr 5 mill. (blir spesifisert før møtet i kommunestyret)

Aktuelle postar må oppdaterast i tråd med dette.

Endringane blir finansierte ved bruk av disposisjonsfondet.

Framlegget vart samrøystes vedteke

Kommunedirektøren sitt framlegg ved vedteke endring i pkt.2 vart samrøystes vedteke.

**FO- 072/22 Vedtak:**

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 1 tertial 2022 til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til drift, sentrale poster og disposisjonsfond for 2022 slik det går fram av oversynet over budsjettjusteringar under. Samla auke av ramme til sektorene er 44,15 mill. kr. Dette vert finansiert med tilsvarende netto inntektsauke på sentrale poster.
  - 1.Auke til Alver kyrkjelege fellesråd: kr 500 000
  - 2.Auke til kultur: kr 1 mill.
  - 3.Vedlikehald: kr 5 mill. (blir spesifisert før møtet i kommunestyret)Aktuelle postar må oppdaterast i tråd med dette.  
Endringane blir finansierte ved bruk av disposisjonsfondet.
- 3.Dei ulike postane i oppsettet under tabell koronarekneskap, vert budsjettjustert i samsvar med påløpte utgifter (både sentrale postar og driftsposter og overføring frå drift til investering). Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettjustere endringar gjennom året i samsvar med mottatt finansiering (auke i rammetilskott og/ eller andre koronatilskot). Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til Covid-19 er at det er ført på eige objekt knytt til koronarekneskap. Det skal leggjast fram oversyn over koronarekneskapen med finansiering i samband med årsmeldinga. Auken i rammetilskot som kjem fram av koronarekneskapen kjem i tillegg til auken i skatt/ rammetilskot som er foreslått i 1. tertialrapport basert på RNB 2022.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettjustere endringar knytt til busetting av flyktningar frå Ukraina i samsvar med auka inntekter. Det er forventa høgare inntekter i 2022 enn utgifter fordi fleire av busingane skjer sein på året, og utgiftene knytt til desse vil i hovudsak påløpe i 2023. Det vert oppretta eit fond knytt til busetting av flyktningar frå Ukraina, og dei unytta inntektene i 2022 vert sett av på fondet for å kunne nyttast i seinare år. Det skal leggjast fram oversyn over inntekter og utgifter knytt til busetting av flyktningar i samband med 2. tertialrapport, og i årsmeldinga for 2022.
5. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til investering for 2022 slik det går fram av "status Investering og finansiering (2A)" og "Status Investeringar (2B)." I sum vert investeringsutgiftene auka med 8,5 mill. kr til 405,8 mill. kr  
Endring i finansiering (netto auke 8,5 mill. kr):
  1. Bruk av lånemidlar vert auka med 7,15 mill. kr.
  2. Kompensasjon for merverdiavgift vert auka med 0,55 mill. kr
  3. Auke i overføring frå drift 0,8 mill. kr.

4. Endringa inkluderer framlegg til endring i eigne saker vedr. følgjande prosjekt:
  - Ostereidet kunstgras
  - Rehabilitering tak kommunale bygg
  - Skilt kommunale bygg
  - Reinseanlegget på Manger
  - Oval Rundkjøring E39

6. Finansrapport vert tatt til orientering.

**073/22: Miljøloftet - Handlingsprogram 2023 - 2026**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune sluttar seg til Miljøloftet sitt handlingsprogram 2023-2026

**Alver formannskap 02.06.2022:**

**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samråystes vedteke.

**FO- 073/22 innstilling:**

Alver kommune sluttar seg til Miljøloftet sitt handlingsprogram 2023-2026

**074/22: Markeringar ved jubileum i lag og organisasjonar, og ved deltaking i nasjonale og internasjonale meisterskap**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre godkjenner alternativ 1: Retningsliner for markering av jubileum i lag og organisasjonar og ved deltaking i nasjonale og internasjonale meisterskap

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.05.2022:**

**Handsaming:**

**Endringsframlegg v/Hogne Brunborg-Ap:**

Nytt punkt f:

Kvar gāve er ei konkret vurdering, og kommunen kan berre gi gāver til opne, demokratiske organisasjonar der alle medlemmar har like rettar, eller til organisasjonar som ikkje diskriminerer på grunnlag av til dømes livssyn, kjønn, legning og/eller etnisitet.

Framlegget vart samråystes vedteke.

**Tilleggsframlegg frå H, Ap, Krf, Sp til "markering ved oppnådd tittel/siger i meisterskap"**

**v/Hogne Brunborg-Ap:**

Utalet oppmodar administrasjonen til informera ut til innbyggjarane om å mælda inn utøvarar eller lag som har gjort seg fortent til kommunal markering av prestasjonar.

Framlegget vart samråystes vedteke.

**OKK- 043/22 uttale:**

Alver kommunestyre godkjenner alternativ 1: Retningsliner for markering av jubileum i lag og organisasjonar og ved deltaking i nasjonale og internasjonale meisterskap med slik endring:

Kvar gāve er ei konkret vurdering, og kommunen kan berre gi gāver til opne, demokratiske organisasjonar der alle medlemmar har like rettar, eller til organisasjonar som ikkje diskriminerer på grunnlag av til dømes livssyn, kjønn, legning og/eller etnisitet.

Utalet oppmodar administrasjonen til informera ut til innbyggjarane om å mælda inn utøvarar eller lag som har gjort seg fortent til kommunal markering av prestasjonar.

**Alver formannskap 02.06.2022:**

**Handsaming:**

**Framlegg frå Ø.Oddekalv-AP:**

Alver kommunestyre godkjenner alternativ 1: Retningsliner for markering av jubileum i lag og

organisasjonar og ved deltaking i nasjonale og internasjonale meisterskap med slik endring: Kvar gâve er ei konkret vurdering, og kommunen kan berre gi gâver til opne, demokratiske organisasjonar der alle medlemmar har like rettar, eller til organisasjonar som ikkje diskriminerer på grunnlag av til dømes livssyn, kjønn, legning og/eller etnisitet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FO- 074/22 innstilling:**

Alver kommunestyre godkjenner alternativ 1: Retningsliner for markering av jubileum i lag og organisasjonar og ved deltaking i nasjonale og internasjonale meisterskap med slik endring: Kvar gâve er ei konkret vurdering, og kommunen kan berre gi gâver til opne, demokratiske organisasjonar der alle medlemmar har like rettar, eller til organisasjonar som ikkje diskriminerer på grunnlag av til dømes livssyn, kjønn, legning og/eller etnisitet.

**075/22: Organisering av TV-aksjonane i Alver**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre godkjenner alternativ 1 for Rammeverk og mandat for TV-aksjonar i Alver, slik det kjem fram av saka

**Alver formannskap 02.06.2022:**

**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 075/22 innstilling:**

Alver kommunestyre godkjenner alternativ 1 for Rammeverk og mandat for TV-aksjonar i Alver, slik det kjem fram av saka

**076/22: Politisk styringsstruktur og reglement - evaluering**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunedirektøren fremjar ikkje framlegg til vedtak – politisk sak/prioritering

**Alver formannskap 02.06.2022:**

**Handsaming:**

**Framlegg frå T.Larsen-H:**

Saka vert tatt til orientering.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FO- 076/22 Vedtak:**

Saka er tatt til orientering

**077/22: Melding/orientering til formannskapet 02.06.2022**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering

**Alver formannskap 02.06.2022:**

**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 077/22 Vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering